
Saksnr: 2020/72319-2
Saksbehandlar: Kristin Rundsveen Bøtun
Dato: 12.01.2021

Til: Administrasjonsutvalet

Frå: Fylkesdirektør Strategisk utvikling og digitalisering

Overordna beredskapsplan - saksframlegg

Vestland fylkeskommune har ansvaret for å ta vare på våre tilsette, tenesteproduksjon, økonomiske verdiar og omdømme knytt til fylkeskommunen. Uynskte hendingar må handterast effektivt og godt, slik at skadeomfanget avgrensast til eitt minimum og tenesteproduksjonen oppretthaldast eller vert oppattretta på ein sikker og effektiv måte.

Denne overordna beredskapsplanen avklarar roller og grenseoppgangen mot statlege og/ eller kommunalt ansvar i ein krisesituasjon. På same måte beskriv denne planen grenseoppgang mot ulukker, skader og uynskte hendingar i det daglege arbeidet, som er av ein slik art at det skal handterast i fylkeskommunen sitt HMS-system. Alle einingar i fylkeskommunen skal legge dette dokumentet til grunn for sine lokale beredskapsplanar.

Beredskapsarbeidet i fylkeskommunen bygger på ansvarsprinsippet, likskapsprinsippet, nærleiksprinsippet og samvirkeprinsippet som definert i stortingsmelding om samfunnssikkerheit Meld. St. 10 (2016-2017).

Som ein stor offentlig aktør har vi eit ansvar for å ta på alvor dei hendingar og truslar som kan påverke våre ansvarsområde. Beredskap handlar om planlegging og førebuing av tiltak for å unngå, avgrense eller handtere kriser eller andre uynskte hendingar og handlingar på best mogleg måte. Alle menneskelege, organisatoriske og teknologiske tiltak ligg i denne definisjonen. For å oppretthalde god sikkerheit i samfunnet mot eit breitt spekter av utfordringar, er det naudsynt med bevisst innsats frå ulike myndigheiter og verksemder. Samarbeid og samordning er heilt avgjerande for at vi skal kunne førebygge og handtere krisesituasjonar.

Krise og beredskapsarbeid i Vestland fylkeskommune er eit leiaransvar. I alle krisesituasjonar er det avgjerande for resultatet at ein har gode planar, naudsynt kompetanse og trening i å handtere kriser. Ein overordna beredskapsplan er naudsynt for å strukturere dette arbeidet.

Ihht delegeringsreglement har fylkesrådmannen mynde til å handtera ein krisesituasjon. Beredskap er eit leiaransvar, og fylkesrådmannen har det overordna og strategiske ansvaret for kriseleiinga i Vestland fylkeskommune. Fylkesrådmannen godkjenner den overordna beredskapsplanen.

Vedlegg

- 1 Overordna beredskapsplan